



Sundag 1. september er det påny klart for Spar-cup på Heio med kampstart klokka 10. Cupen vil halda fram utover heile dagen. I år er det påmeldt 48 lag frå heile kommunen, melder fotballgruppa

Det vil sei at det rundt rekna vil vera 250 gutar og jenter i aksjon. Førebuingane er godt igang og no er det berre å håpa på at vergudane er med arrangørane.

Om nokon ønskjer å bidra som salsjenter/--damer, dommarar, parkeringsvakter og liknande kan dei berre ta kontakt med ein i fotballgruppa.

Arrangøren håpar også at mange søsken, foreldre, tanter, onklar, bestefedre og bestemødre vil ta turen for å heia på dei flinke fotballspelarane.

På biletet er det arrangørens eigen Åsne Arnesen som er på full fart mot mål.

Foto: Ola Matti Mathisen